



Sendt ut 14.-2015

Eli Bjørklid

Eva Hindenes
Veland 16
5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykkar:
Vår: 15/73 - 15/659

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

13.01.2015

Gbnr 12/31 Veland. Deling av parsell. Arealoverføring.

Eigedom: Gnr.12 bnr.31 Veland
Adresse for eiged.: Veland 16, 5993 Ostereidet
Type tiltak: Deling av grunneigedom, arealoverføring
Heimelshavar: Eva Hindenes
Søker: Eva Hindenes

Saka gjeld:

Eva Hindenes eig gnr.12 bnr.31. Dette er ein bustadeigedom som ligg på Veland. Heile eigedommen er om lag 1,5da. Ho søker om å få dele frå ein parsell på om lag 480m². parsellen skal overførast til gnr.12 bnr.40.

Kart over eigedommene i området inneholder truleg mange feil. Når ein slår opp matrikkelen for 12/31 kjem det opp kart der eigedommen tilsvarende ikkje disponerer det arealet som ein no vil dele frå. Det er og andre feil – t.d. at grenser går rett gjennom eksisterande bustadar. Arealoppgåve for eigedommene stemmer såleis ikkje med kva den einskilde faktisk eig.

For å få slått fast at søker har heimelen til den parsellen som ho no vil dele frå, har sakshandsamar saman med kommunen sin geodataavdeling teke fram skylddelingspapira då eigedommen 12/31 vart oppretta 13.08.1948. Ut frå grensene som er oppgitt i skyldlingsdokumentet har ein merkt inn 12/31 på kartet. Det syner seg då at 12/31 også omfattar arealet som no er søkt delt frå, sjølv om dette ikkje går fram av kartet. Skylddelinga er tinglese og såleis gyldig.

Planstatus/dispensasjonar:

Heile gnr.12 bnr.31 ligg i eit område som i gjeldande plan er sett av til bustadføremål. Delinga det er søkt om krev såleis ikkje dispensasjon. Også eigedommen som skal få parsellen lagt til seg, ligg i område sett av til bustadføremål.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Parsellen er tillegg til tom der det alt er bygget hus. Tilhøva for tilkomst, avløp og vassforsyning vert ikkje endra som følgje av tiltaket.



Gjennom parsellen går veg til landbruksareal tilhøyrande gnr.12/12. Rettigheter for 12/12 med omsyn på veg vert dei same etter arealoverføringa, som dei er i dag.

Det er ikkje naudsynt å legge saka føre andre mynde.

Det vert rådd til at ein i samband med oppmålingsforretning på staden, søker å klarleggje eigedomsgrensene på staden, slik at kartet kan syne så rette grenser som mogeleg.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 480m² frå gnr.12 bnr.31, slik det er søkt om synt på kart motteke i kommunen 09.01.2014.

Parsellen skal overførast til gnr.12 bnr.30 og føyast saman med denne eigedommen.

Deling er i samsvar med gjeldande arealplan på stade.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld deling av ein parsell på om lag 480m², som skal nyttast som tillegg til gnr.12/40. Eigedommene ligg i område sett av til bustadføremål i gjeldande arealplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, uregulert område	kr.6200,-
---	-----------

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sin reglar. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre

Eli Bjørklid

fagleiar

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Hindenes
Stanly Hølleland

Veland 16 5993
Lindnesvegen 44 5957

OSTEREIDET
MYKING